

PLANOMTALE

FOR

DETALJREGULERINGSPLAN FOR

Stallhytta massetak i Lom kommune

Planid. 34340007



Utsnitt av flyfoto frå 2017 (Norge i bilder/GeoVekst). Plangrense med svart stipla strek.

Utarbeidd av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar.

Revidert versjon ved sluttbehandling av planen, 04.09.2024

Innhald

1.	Bakgrunn for planforslaget.....	4
2.	Lokalisering av planområdet.....	4
3.	Planområdet og eigedomsforhold.....	5
4.	Planstatus.....	5
4.1	Kommuneplanens arealdel	5
4.2	Andre føringar for planarbeidet.....	6
5.	Grusressursen og bruk av grusen.	7
6.	Varsel om oppstart av planarbeid.....	8
7.	Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet.....	8
7.1	NVE, brev datert 11.07.2023	9
7.2	Direktoratet for mineralforvaltning, brev 21.07.2023.....	10
7.3	Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.....	11
7.4	Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 31.08.2023	12
8	Planforslaget ved offentlig ettersyn og høyring.	15
8.1	Reguleringsformål.....	16
8.1.1	Område for råstoffutvinning (R1).	16
8.1.2	Køyreveg (V1).....	17
8.1.3	Annan veggrunn – grøntareal (AVG1, AVG2 og AVG3).	17
8.1.4	LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (L1 og L2).	18
8.2	Omsynssoner.	18
8.2.1	Omsynssone - naturvern (H560-1).	18
9	Uttaler ved offentlig ettersyn og høyring av planforslaget.....	18
9.1	NVE, brev datert 25.04.2024	18
9.2	Direktoratet for mineralforvaltning, brev 12.06.2024.....	19
9.3	Innlandet fylkeskommune, brev 12.06.2024.....	21
9.4	Statsforvaltaren i Innlandet, brev 13.06.2024	21
10	Planforslaget ved sluttbehandling av planen.	22
11	Verknadar av planforslaget.	23
11.1	Utløyser reguleringsplanlegginga krav om konsekvensutgreiing?	23
11.1.1	Vurdering av tiltaket i forhold til KU-forskriftas § 6.....	23
11.1.2	Vurdering av tiltaket i forhold til KU-forskriftas § 8 og 10.....	23
11.1.3	Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 med bakgrunn i at planområdet ligg i nedslagsfelt for verna vassdrag.	24
11.1.4	Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 3. ledd pkt. b)	25
11.1.5	Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 3. ledd pkt. f - h.	26

11.2	Verknadar for naturmiljø og naturmangfald.	26
11.3	Verknadar for friluftsliv, turisme og barn/unge.	29
11.4	Verknadar for landskap.	30
11.5	Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.	34
11.6	Verknadar for jord- og skogbruk.	34
11.7	Verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar.	35
11.8	Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.	36
11.9	Verknadar for forureining, energi og klima.	36
11.10	Verknadar for teknisk infrastruktur.	37
11.11	Verknadar for samfunnstryggleik.	37


1. Bakgrunn for planforslaget.

Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift av masseuttak i nærleiken av Stallhytta i Veodalen. Planforslaget som blir fremma, vil vere i samsvar med kommuneplanens arealdel vedteken 15.12.2022, der arealet er lagt ut som område for råstoffutvinning M1. Massetaket er ikkje planlagt for kommersiell drift, men massane frå uttaket er i hovudsak meint nytta i samband med vedlikehald og reperasjonar av Veodalsvegen.

Planforslaget blir utarbeidd i kommunal regi av Felles plankontor for Lom og Skjåk. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Kommunen vurderer at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

2. Lokalisering av planområdet.


Planområdet ligg ved Veodalsvegen like aust for Stallhytta. Det har vore masseuttak i planområdet i ei årrekke primært for bruk til vedlikehald av veganlegget. Veodalsvegen går frå Nåvårsetrin til Glitterheim Turisthytte, og er om lag 24,9 km lang. Vegen ligg på allmenningsgrunn i både Lom og Vågå kommunar. I Lom kommune går Veodalsvegen i Vårdalen statsallmenning fram til kommunegrensa (1,6 km), så går vegen i Langmorkje statsallmenning i Vågå (6,7 km), og frå kommunegrensa for Lom att i Leir- og Bøverdalen statsallmenning fram til enden ved Glitterheim Turisthytte (16,6 km). Kartutsnittet under viser lokaliseringa av planområdet langs Veodalsvegen.



Kartfigur 1: Lokalisering av planområdet langs Veodalsvegen. Planområdet ligg 14,9 km frå starten ved Nåvårsetrene i Lom, og 10 km frå vegenda ved Glitterheim. Det er 2,4 km frå planområdet til nasjonalparkgrensa.

3. Planområdet og eigedomsforhold.

Planområdet omfattar areal i Leir- og Bøverdals statsallmenning, GID 155/1. Området er om lag 13,6 dekar stort, og omfattar det eksisterande massetaket med noko areal ikring og delar av Veodalsvegen med avkjørsel frå denne.



Kartfigur 2: Karttutsnitt (FKB) der plangrensa er vist med svart stipla line. Ekvidistanse 5 m.

Planområdet omfattar snaumark og ligg i fjellterreng på om lag 1265 moh. Stallhytta som ligg like nordvest for planområdet, ligg på allmenningsgrunn, og er disponert av Glitterheim Turisthytte.


4. Planstatus.

4.1 Kommuneplanens arealdel

Arealet som skal regulerast for massetak, ligg med arealbruksformålet "råstoffutvinning" M1 i kommuneplanens arealdel for Lom, som vart vedteken av kommunestyret 15.12.2022. Område M1 var da vidareført frå kommuneplanens arealdel for Lom frå 2003. Arealbruken som vart vedteken i 2003 hadde igjen grunnlag i "Kommunedelplan for sand, stein og grus" vedteke i 1997. I kommunedelplanen frå 1997 er det oppgjeve at masseuttaket er lite og ligg i tilknytning til veg, og at massane skal nyttast for vedlikehald av Veodalsvegen.

Av eldre flybilde og av det som står i kommunedelplanen frå 1997, går det fram at det har skjedd masseuttak i området før den vart omfatta av kommunedelplanen for sand, stein og grus frå 1997. Reguleringsplanen som skal utarbeidast, vil legge til rette for å utnytte grusressursen vidare.

I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M1. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M1. I planføresegnene til kommuneplanen er det nedfelt at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal vere utarbeidd og innlevert forslag detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. Utsnitt av plankartet til kommuneplanens for Lom frå 2022 i det aktuelle området, er vist på kartfigur 3 under.



Kartfigur 3: Utsnitt av kommuneplanens arealdel frå 2022 med planavgrensinga for den nye reguleringsplanen vist med stipla svart strek. Fiolett flate er areal for råstoffutvinning M1 (med krav om reguleringsplan #R), grøne flatar er LNFR-område og blåe flatar er vassdrag. Flatar med raud skravering, er faresoner for flaum.

4.2 Andre føringar for planarbeidet

- Plan- og bygningslova (2008)
- Minerallova (2010)
- Naturmangfaldslova (2009)
- Kulturminnelova (1978)
- Vassressurslova (2000)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- Statleg retningsline for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- Statleg planretningsline for samordna bustad,- areal og transportplanlegging (2014)
- Rundskriv H-5718 Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- Samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging (DSB, 2017)

- Regional plan for klima, energi og miljø for Innlandet fylkeskommune (2023)
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion i planperioden 2022 – 2027 (2021)

5. Grusressursen og bruk av grusen.

Uttaket ved Stallhytta er registrert i NGUs grusbaser som ein ressurs av lokal verdi. Førekosten er del av ein breelavsetting og tilhøyrar eit ryggssystem (esker) av ca. 4 km. lengde. På faktaarket for NGU sin registrering, er massane oppgjeve som 60 % sand, 35 % grus og 5 % stein. NGU har teke/analysert prøve og feltprøven viser at 95 - 98 % består av fraksjonar av sterke bergartar. På flybilde frå 2017, kan ein sjå at det er teke ut grus på om lag halve arealet (jf. bilde på framsida av planomtalen).

Massetaket er ikkje planlagt for kommersiell drift, men massane frå uttaket er i hovudsak meint nytta i samband med vedlikehald og reparaasjonar av veganlegget. Det er også henta massar frå uttaket i samband med div. bygge og anleggsarbeidar ved Glitterheim Turisthytte, mellom anna ved oppgradering av avlaupsanlegget der for nokre år sidan.

Veodalsvegen som primært skal haldast ved like og driftast med grus frå massetaket, omfattar i alt ei strekning med bilveg med grusdekke på om lag 25 km, der om lag 15 km er open for allmenn ferdsel ved betaling av bomavgift. Veodalsvegen har sitt utgangspunkt i to private bomvegar Smørlivegen i Lom og Fuglsetervegen i Vågå. Tilknytting til offentlig veg har dette vegsystemet mot RV31 ved Randsverk og i Synstlia i Vågå, og mot RV15 i Garmo i Lom. I Veodalen har vegen ei sidearm sørover i Veodalen og ein sidearm over mot Smådalen, som begge er bygd i samband med regulering av elva Veo for kraftproduksjon. Vatnet i Veo er teke inn og ført i tunell over til Smådalen som ein del av vasskraftanlegga i Tessevassdraget. Sidearmen i Veodalen går ned til inntaket av Veo og er om lag 1,2 km lang. Sidearmen til Smådalen går utlaupet av overføringstunellen, og er om lag 5,6 km lang. Langs denne siste ligg samletro og slakteanlegg tilhøyrande Lom Tamreinlag.

Den største delen av trafikken innover langs Veodalsvegen, er knytt til transport mot Glitterheim Turisthytte og transport for utgangspunkt for turar til Glittertind og andre fjell i området. Vegen er stengt for allmenn ferdsel med bom ved nasjonalparkgrensa, der det er opparbeid parkeringsplassar for om lag 65 bilar. Frå der er det vanleg å sykle dei om lag 10 km inn til turisthytta, og det drivast utleige av sykklar av turisthytta. Elles er tamreinlaget stor brukar av vegen, og det er også mykje transport i samband med at dalen er viktig utmarksbeiteområde for gardane i Lom. Lom fjellstyret har også hytter i området (Grønbua og Bergenussbua) som dels vert bortleigd, dels vert brukt av oppsyn og bruksrettshavarar. Glitterheim Turisthytte disponerer Stallhytta, som også vert nytta i avgrensa grad for utleige.

Dei uttekne massane i uttaket ved Stallhytta, blir teke ut og lagra på staden. I den siste tida har massane i liten grad vore brukt til som toppdekke ved oppgrusing av vegen. Ein har da i staden nytta grus med grunnlag i sprengt masse som er teke ut frå tunellane ved utbygginga av Smådøla kraftverk (sett i produksjon i 2015). Desse massane blir lagra og behandla i eit massetak på Kyrkjeflaten like oppfor Nåvårsetrene, om lag 14,7 km frå planområdet. Transporten inn til øvre del av veganlegget frå Kyrkjeflaten, er lang, men ein finn det likevel rekningssvarande å nytte grus som toppdekke frå her da denne bind seg betre. Det er mykje

sykkeltrafikk på vegen, og Glitterheim Turisthytte har opplyst at bruk av grus som toppdekke frå grustaket ved Stallhytta, gir eit dekke som utgjør fare for at syklistar skrensar og velter. Det har vore ulykker med syklistar på vegen, og i 1999 var det ei. Drivaren av turisthytta ønskjer derfor ikkje å nytte grus frå uttaket ved Stallhytta som toppdekke.

Det er lite stein i massane som blir teke ut. Det har ikkje vore knust masse i uttaket, og dette er heller ikkje aktuelt. Det vil dessutan vere uforholdsmessig kostbart å leige inn knuse/sorteringsverk som må fraktast så langt inn i fjellet som til Stallhytta. Så massane har berre vore teke ut og anten køyrt direkte ut for bruk på veganlegget, eller lagra for ei kortare periode i uttaksområdet. Grusen frå uttaket blir da i hovudsak nytta for reparasjonar på vegen, i hovudsak etter skadar frå erosjon av vatn frå bekkar som kjem mot vegen og kring utsette punkt ved stikkrenner og bruer. Massar har også vore nytta ved anna anleggsarbeidar i området, til dømes ved anlegg av nytt reinseanlegg ved Glitterheim turisthytte. Drivar opplyser at det til vanleg vert køyrt ut om lag 50 lass i året frå uttaket ved Stallhytta. I år med mykje skader på vegen, som til dømes ved uveret "Hans" i august 2023, langt fleire lass. I andre år da det neste ikkje er skade på vegen i det heile tatt, berre 4-5 lass.

Plankontoret har gjort ei enkel masseberekning av området som er avlagt som område for råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel, jf. vedlegg til planforslaget. Masseberekninga er gjort med grunnlag i terrengdata frå Høgdata.no frå Kartverket frå 2017. Her er terrengdata framkome på grunnlag av såkalla bildematching, og data er oppgjeve med nøyaktigheit 0,25 m. Med uttak som går ned til nivå med uttaka som er gjort til no (1262 moh), er det ut frå dette berekna at det teoretisk kan takast ut 24 580 m³ masse innafor arealet som er avlagt for råstoffutvinning i kommuneplanen sin arealdel. Ein føresetnad for tala frå denne berekninga, er at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:2. Det er også rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,25 m. Det er rekna at ein ikkje støyttar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet, noko det er lite sannsyn for her. Med dei potensielle mengdene grus ein har rekna ut skal kunne takast ut frå grustaket, vil grusressursane som er att i uttaket ved normalt behov for vedlikehald av vegen kunne dekke behovet i om lag 50 år

I samsvar med Minerallova krev samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse konsesjon før drift kan starte, jf. § 43. Lova set også krav om at det må føreligge driftsplan for uttaket. Dette inneberer at det er krav om konsesjon og godkjenning av driftsplan for uttaket. Det er Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) som gjev konsesjon og godkjenner driftsplan.

6. Varsel om oppstart av planarbeid.

Varsel om oppstart av planarbeid vart sendt 27.06.2023, og vart kunngjort på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisa Fjuken.

7. Innspel og merknadar ved oppstart av planarbeidet.

Det kom inn 4 uttaler/innspele ved planoppstart. Desse er referert og kommentert under.

7.1 NVE, brev datert 11.07.2023

NVE viser til at massetaket ligg nær elva Veo. For å sikre at tiltaket ikkje påverkar grunnvasstand og med det vassdraget indirekte, rår NVE kommunen til å sette nedre uttaksnivå for uttaket. Dei peikar på at grunnvatn er underlagt vassressurslova, og at særskilte føresegner for grunnvatn finns i lovas kapittel 8, § 44 og § 45.

NVE viser til at planområdet ligg innanfor nedbørsfeltet til Sjoavassdraget, som er verna vassdrag. Dei peikar på at vernet gjeld for vassdragsbeltet, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse. Dei skriv at vernet også gjeld andre deler av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert at har betydning for vassdraget sin verneverdi. NVE viser til verneplanen til vassdraget, og til vassressurslova kapittel 5 om verna vassdrag, og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag for meir informasjon. NVE skriv at kommunen må gjere ei vurdering av om tiltaket kan gi konsekvensar for verdier i nedbørsfeltet.

NVE rår kommunen til å nytte deira internettsider for arealplanlegging i planarbeidet for å få eit fullstendig oversyn over korleis ein kan ta omsyn til deira tema. Dei visar særleg til NVE sin kartbasert rettleiar for reguleringsplan.

NVE skriv at dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. Dei skriv at det av plandokumenta må gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen, og at det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

Ein vil i planarbeidet gjennom reguleringsføresegner, fastsetje eit nedre uttaksnivå slik at uttaket av massar ikkje påverkar grunnvatnet og grunnvasstanden.

NVE viser til at planområdet ligg innanfor nedbørsfeltet til Sjoavassdraget, som er verna vassdrag. Av vassressurslovas § 32 går det fram at det med verna vassdrag i denne lov skal bli forstått at det er vassdrag som er vernet mot kraftutbygging. Sjøa vart i Stortinget varig vernet mot kraftutbygging i Verneplan I for vassdrag i 1973. Løyve til utnytting av Veo til kraftproduksjon med overføring til Tessevassdraget var gjort 13 år tidlegare i 1960. Om lag 2 km nedfor reguleringsplanområdet vert elvevatnet leia inn i ein tunell som går over til Smådalen, og det er ikkje krav om minstevassføring nedfor inntaket. Det må vel da bli forstått slik at Veo er varig verna mot kraftutbygging på oversida av inntaket, og at rikspolitiske retningslinjer for vassdrag i alle fall gjeld her. Planområdet ligg like utafor 100-meters beltet langs Veo. Planens påverknad i forhold til vernestatusen blir vidare drøfta og omtalt i kapittel 8.1.3 i denne planomtalen.

Ein vil ved utarbeiding av reguleringsplanen vurdere planløysingar i forhold til NVE sin vegleiar for reguleringsplanar og NVE sine kartløysingar. Ut frå NVE sine aktsemdskart, er det dei 7 første punkta i vegleiaren som omhandlar sikkerheit mot flaum, overvatn og erosjon, samt pkt. 17 i vegleiaren om verna vassdrag, som er relevant å vurdere i samband med dette planarbeidet.

Planforslaget vil bli sendt NVE for uttale ved offentleg ettersyn og høyring.

7.2 Direktoratet for mineralforvaltning, brev 21.07.2023

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til at formålet med planen er å legge til rette for vidare drift av massetaket, og at massane er viktige for vedlikehald av Veodalsvegen. Dei skriv at uttak av mineralressursar i mange høve utgjer omfattande inngrep, og at regulering bidreg til å sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og myndigheiter, der det blir lagt vekt på langsiktige løysningar og utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn. DMF skriv at deira generelle tilråding, er at området kor det skal drivast uttak, blir regulert til arealformålet råstoffutvinning.

DMF viser til Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase, der sand- og grusførekomsten Stallhytta 1 er registrert innanfor planområdet. Dei skriv at førekomsten er vurdert til å ha lokal betyding som byggeråstoff.

DMF peikar på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. Dei skriv at plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stede. Det inneber ei utgreiing av estimert totalt uttaksvolum og anteke årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.

DMF peikar på at det gjeld meldeplikt til DMF for samla uttak over 500 m³ masse til DMF, jf. minerallova § 42. Dei viser til at melding skal sendast inn minst 30 dagar før oppstart av drift og at DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for uttaket.

DMF peikar på at samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. dei viser til at søknad skal sendast til DMF og blir deretter sendt på høyring til aktuelle partar og lokale og regionale myndigheiter, før konsesjon eventuelt blir gjeve.

DMF skriv at arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegna kan det blant anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Dei skriv at formålet med reguleringsføresegna bør gå klart fram i planomtalen. DMF oppmodar om at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølve drifta av uttaket. Dei skriv at årsaka er at ei eventuell endring i drifta kan føre med seg avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ei ny handsaming etter plan- og bygningslova. DMF viser til at eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår, og at ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterte forhold.

DMF skriv at masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ein fare for omgjevnadene, og at den som driv masseuttak som er omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. Dei rår til at det blir utforma føresegn som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra.

DMF skriv at dersom det er naudsynt, må det leggjast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. Dei viser til at ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon. Dei rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt

oppå, men ved sidan av uttaksområdet, da det ikkje skal skje uttak i områder som er regulert til skjermingstiltak. DMF peikar på at det er viktig at det blir sett av tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen til både sikrings- og skjermingstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.

DMF rår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealformålet råstoffutvinning på følgjande, eller tilsvarande måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruken skogbruk (eksempel)»

DMF skriv at det er viktig at kommune og tiltakshavar vurderer korleis området skal utformast etter avslutta drift og kva for formål området skal førast tilbake til. Dei skriv at korleis avsluttinga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva slags arealformål uttaket skal bli sett i stand til, vil gi god kopling til DMF si handsaming av søknad om driftskonsesjon.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

Ein merkar seg det DMF skriv og vil følgje det opp ved utarbeidinga av reguleringsplankart, reguleringsføresegner og i planomtalen. Som det går fram av kapitelet framføre, vil masseuttaket vere av ein slik storleik at det vil krevje konsesjon frå DMF.

Grustaket og området som regulerast, er berre ein liten del av ein større breelvvavsetting og eit ryggssystem (esker) som av NGU er oppgjeve av ca. 4 km. lengde. I dette området som ligg i eit ope fjellandskap, er det andre omsyn enn optimal utnytting av råstoffkjelda som må vektleggast tungt. Omsyn til landskap, naturmiljø mm. gjer at ein her berre kan legge opp til ein forsiktig utnytting av ressursen for å dekkje stadlege behov.

7.3 Innlandet fylkeskommune, brev datert 29.08.2023.

Innlandet fylkeskommunen (IFK) peikar på at planforslag og tiltak etter pbl § 1-6 som kan påverke overflatevatn og grunnvatn skal vurderast etter miljømåla som er fastsette i regional vassforvaltningsplan for Innlandet og Viken vassregion 2022-2027. Dei viser til at det i tillegg har vorte vedteke regionale planar for klima, energi og miljø og samfunnstryggleik for Innlandet fylke. IFK skriv at desse tre planane bør implementerast i planen under kapittelet om regionale føringar og føresegnar, og leggjast til grunn i vidare arbeid.

IFK viser til at plangrensa ligg nært eit tjern som ifølgje konsekvensutgreiinga for kommuneplanen er eit potensielt hekke/beiteområde for vadefugl. Dei skriv at tjernet er ikkje registrert som ein vassførekomst i vass-nett, men at det likevel er det viktig at kantsona ned til vatnet for stå i fred. Dei peikar på at kantsoner er viktige for vassmiljøet ved at dei er med på å regulera temperaturen, skaper skjul og minskar avrenning av næringsstoff frå til dømes massetak. IFK tilrår at det blir sett ei omsynssone for naturmiljø der plangrensa går ned mot tjernet, og at ein på denne måten varetek eit tjernet med tilhøyrande kantsoner og kantvegetasjon. IFK skriv at tidspunkt for uttak av massar bør vurderast opp mot når på året arbeidet vil utgjera minst mogleg forstyrningar på hekkande/beitande vadefugl og hekkande rovfugl i området. Vidare at ein ved arbeidet ved massetaket unngår forureining av vassmassane i tjernet.

Dei peikar vidare på at på andre sida ligg plangrensa ca. 7 meter frå ein bekk som inngår i vassførekomst 0022461-R Veo bekkefelt. Dei skriv at denne i vass-nett er kategorisert med

svært god økologisk tilstand, og at det derfor er viktig å unngå degradering av vasskvaliteten. IFK skriv at dette inneber mellom anna å sikra kantsona ned til bekken, for å unngå avrenningar frå massetaket. Dei viser til at kantsoner er viktige for vassmiljøet ved at dei regulerer temperatur, er med på å skapa skjul og minskar avrenning frå menneskeleg infrastruktur aktivitetar til vassdraget. IFK skriv at kantsona aller helst skal vera fleirsjiktta, med innslag av stadeigne buskar og tre med gode rotsystem. IFK vil også her tilrå å leggja inn ei omsynssone for naturmiljø på den sida av grensa som vender mot bekken.

IFK skriv at i følgje arkivopplysningar ikkje finns kjende automatisk freda kulturminne innanfor eller i nærleiken av det aktuelle området. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter. Dei skriv vidare at bilete frå flyboren laserskanning over området heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utifrå dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjerast ei arkeologisk registrering i saka.

Innlandet fylkeskommune skriv at dei likevel må ta reservasjon om moglege kulturminne som ikkje tidlegare er registrert, til dømes kulturminne under markoverflata. Dei skriv at dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjende, skal arbeidet stansast dersom det kjem i kontakt med kulturminna eller sikringssona på fem meter. IFK skriv at det er viktig at også dei som utfører arbeidet i marka blir gjort kjent med dette. Melding om funn skal straks sendast Kulturarv, Innlandet fylkeskommune, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

IFK skriv at dei ikkje har samferdselsfaglege merknader til saka.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

Dei regionale planane som IFK nemner, vil gå inn som grunnlag for og gi føringar for det vidare planarbeidet.

På det offisielle kartverket (FKB), har det vesle tjernet like vest for plangrensa største lengde på 58 m og største breidde 35 m, og eit areal på om lag 1,5 dekar. Ein kjenner ikkje til at det er registrert nokon hekking av vassfugl ved tjernet. Dette blir nærare kommentert i kapitel 8.2 under verknadar for naturmiljø og naturmangfald. Ein merkar seg det som IFK skriv om bekken aust for planområdet. Ved utforminga av planforslaget, vil det vere aktuelt å fastsetje ei nedre grense for masseuttak. Det vil venteleg avgrense arealavtrykket til uttaket til noko nær det areal det uttaka har skjedd til no, slik at det vil bli liggande att areal langs grensene for planområdet som ikkje vil bli omfatta av tiltak. Det er aktuelt å legge omsynssone i tråd med tilrådinga frå IFK på heile eller delar av dette arealet mellom uttaksområdet og plangrensa.

Når det gjeld kulturminne, kjenner heller ikkje kommunen til at det er kulturminneinteresser knytt til planområdet. Ein tek fylkeskommunen si uttale til etterretning, og vil ta inn føresegner knytt til moglege funn av kulturminne som ikkje er kjende som IFK skriv i uttala.

7.4 Statsforvaltaren i Innlandet, brev datert 31.08.2023

Statsforvaltaren viser mellom anna til at framlegget til reguleringsplan er ei oppfølging av arealbruk fastsett i vedteke arealdel til kommuneplanen. Han viser til at det ikkje er gjort ei ny KU-vurdering som følgjer oppstartvarselet, men at det er lagt ved KU utarbeidd til

kommuneplanens arealdel. Statsforvaltaren peikar på at sjølv om eit tiltak er konsekvensutgreidd på kommuneplannivå, vil dette ikkje utan vidare dekke opp KU-behovet for detaljreguleringa. Han viser her til rettleiar til KU-føresegna og kapittel 5.4: «... Selv om konsekvensene av ny eller endret arealbruk er utredet på et overordnet nivå, skal konsekvenser av det konkrete utbyggingsforslaget likevel utredes på detaljreguleringsnivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ...». Statsforvaltaren skriv at det frå deira side likevel ikkje her er opplagt at tiltaket utløyser krav til ny KU-vurdering.

Når det gjeld naturmangfald viser Statsforvaltaren til at uttaksområdet ligg innafor eit større område der det er registrert førekomst og hekking av to raudlista fugleartar (NT-nær truga) samt andre artar som ikkje er raudlista. Han viser til at registreringane er av noko eldre dato, og at dette blir nærare avklart i det kommande reguleringsplanarbeidet. Statsforvaltaren skriv at det bør vurderast om uttak og knusing skal avgrensast i sårbare periodar for ev. hekkande og raudlista fugleartar.

Statsforvaltaren viser til at naturmangfaldlovas (nml) prinsipp i §§ 8-12 skal elles leggst til grunn som retningslinjer ved offentlig beslutningstaking, og vurderinga skal gå fram av vedtaket. Han ventar at vurderingar etter nml §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i konsekvensutgreinga, og at det blir teke omsyn til eventuelle naturverdiar gjennom bruk av arealformål og planføresegner. Statsforvaltaren skriv at han ikkje er kjend med førekomst av spesielle verdiar innanfor planområdet ut over det dei har spilt inn over, men at kommunen likevel må vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok.

Statsforvaltaren vier til at han ved første gongs høyring av kommuneplanens arealdel oppmoda kommunen sterkt til å vurdere å ta området for massetak ved Stallhytta ut av kommuneplanen, alternativt sette krav om reguleringsplan. Dette fordi uttaksområdet ligg svært eksponert i høg fjell. Statsforvaltaren viser til at kommunen følgde opp dette med krav om reguleringsplan. Han meiner framleis at masseuttak i slikt eksponert høg fjellsterreng, er uheldig, men ser samstundes behovet for kortreist tilgang på masser til vedlikehald av vegen i Veodalen. Statsforvaltaren ber kommunen vurdere alternativ forsyning av masser og om det kan vere tenleg å sette ein sluttdato for uttaket i reguleringsføresegnene.

Statsforvaltaren skriv at planforslaget må m.a. sette klare krav til uttaksgrenser, istandsetting og etterbruk. Han forventar at det blir gjort greie for tilkomst til uttaksområdet, og at det bør det sikrast skjerming av uttaksområdet. Statsforvaltaren skriv at kommunen bør syte for avklaring av reguleringsføresmål og ev. istandsetting etter avslutta uttak, og sikre at dette inngår i reguleringsforslaget. Statsforvaltaren skriv at det vil vere ein fordel om landskapsverknad blir visualisert med bildeanimasjonar frå ulike ståstader i det kommande planforslaget.

Statsforvaltaren forventar at det blir gjort greie for støy, avrenning og støv frå uttaksområdet. Han viser til at forureiningslova regulerer miljølempar frå masseuttak gjennom sjølvberande forskrift i forureiningsforskrifta, kapittel 30. Statsforvaltaren rår også til at det blir vist til kapittel 30 i forureiningsforskrifta i planføresegnene. Han viser til at ein gjennom planføresegner også kan skjerpast i høve til krav i forureiningsforskrifta, dersom planstyresmakta ønsker dette.

Statsforvaltaren viser til at det ligg det dei oppfattar som ein privat fritidsbustad nær uttaksområdet, berre ca. 60 m frå uttakskanten. Statsforvaltaren forventar at det blir teke omsyn til bruken av denne ved utarbeiding av reguleringsplanen. Han ber vidare om at tiltakshavar og kommunen vurderer behovet for ei støyanalyse for å greie ut slik påverknad.

Statsforvaltaren ber om at uttaksområdet blir avgrensa med ei buffersone på minst 10 m mot det vesle tjønnet i vest og ein mindre bekk i aust.

Statsforvaltaren skriv at samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige forhold skal varetakast i reguleringsplanen på grunnlag av risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. plan- og bygningslova §§ 3-1 pkt. h og 4-3. Han føreset at rundskrivet til kommunal- og distriktsdepartementet H-5/18-Samfunnstryggleik i planlegging og byggjesaksbehandling blir lagt til grunn.

Statsforvaltaren peikar på at risiko- og sårbarheitsanalysen skal utarbeidast i tråd med rettleiar Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap gav ut i 2018.

Statsforvaltaren skriv at kommunen må sikra at planområdet er tilstrekkeleg sikra mot fare eller vesentleg ulempe, og at tiltak ikkje fører til fare eller vesentleg ulempe for grunn, jf. plan- og bygningslova § 28-1.

Kommentarar til uttala frå saksbehandlar:

Det vil i planarbeidet gjort ei vurdering av om detaljreguleringa utløyser krav om konsekvensutgreiing(KU) etter KU-forskrifta ut over den KU som vart utarbeidd som del av arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Ein merkar seg det Statsforvaltaren skriv om naturmangfaldet og vil følgje opp faktagrunnlaget og omsynet til fugleartar i området. Vurderingar etter nml §§ 8-12 blir innarbeidd i planskildringa og/eller i ei eventuell ny konsekvensutgreiing. Det vil bli teke omsyn til eventuelle naturverdiar i utforminga av planforslag, og lagt buffersoner kring uttaksområdet.

Ved utarbeiding av planen vil uttaksgrenser, istandsetting, skjerming, avslutting og etterbruk vere sentrale tema som blir behandla og som vil vere naturleg å knyte planføresegner til saman med bruk av arealformål på plankartet. Ein vil søkje å visualisere verknad for landskapet i bildeillustrasjonar som del av planmaterialet.

I planomtalen vil det bli gjort greie for støy, avrenning og støv frå uttaksområdet, og det vil bli vist til kapittel 30 i forureiningsforskrifta i planføresegnene.

Den "fritidsbustaden" som Statsforvaltaren skriv om, er Stallhytta som blir disponert av Glitterheim Turisthytte. Her var det tidlegare stallar da det transport inn til hytta føregjekk ned hest. Hytta blir noko brukt til utleige, da føretrinnsvis leigd ut til jegerar på hausten.


Det skal bli utarbeidd ei ROS-analyse som del av reguleringsplanarbeidet i tråd med vegleiar frå DSB frå 2018. ROS-analysen og eventuelle tiltak som blir føreslege i denne, vil danne grunnlag for at reguleringsplanen blir utforma slik at planområdet blir sikra mot fare og at utbygginga ikkje føre til fare eller vesentleg ulempe for nabogrunn.

8 Planforslaget ved offentlig ettersyn og høyring.

Planforslaget består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A4-format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse
- Masseberekning

Hovudføremålet med reguleringsplanlegginga, er å få regulert området som kan nyttast for vidare drift for råstoffutvinning. Av omsyn til verdiar knytt til landskap og naturverdiar i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføresegner i forhold til desse. I forslaget til planføresegner, er det vidare nedfelt reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket. Forslag til planløyning går fram av plankartet, jf. kartfigur 4 under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A3-format som er vedlegg til saka.



Kartfigur nr. 4. Forslag til reguleringsplankart for Stallhytta massetak.

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Veodalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Bakgrunnen for reguleringsplanforslaget er ønskje frå veglaget om å fortsette å ta ut grus for bruk til vedlikehald av veganlegget og for mindre bygg- og anleggsformål i Veodalen. For at drifta skal kunne halde fram, er det sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i kommuneplanen arealdel.

Veodalsvegen går frå Nåvårsetrin til Glitterheim Turisthytte, og er om lag 24,9 km lang. Vegen ligg på allmenningsgrunn i både Lom og Vågå kommunar. Planområdet ligg 14,9 km frå starten av vegen ved Nåvårsetrene i Lom, og 10 km frå vegenda ved Glitterheim.

Planområdet omfattar areal i Leir- og Bøverdalen statsallmenning, GID 155/1.

8.1 Reguleringsformål

Planområdet omfattar om lag 13,6 dekar og omfattar følgjande forslag til reguleringsformål:

RPAREALFORMÅL	FELTNAV	Areal m ²
1200: Råstoffutvinning	R1	6458.5
2011: Køyreveg	V1	338.8
2019: Anna veggrunn - grøntareal	AVG1 – AVG3	198.5
5100: LNRF	L2 - L2	6645.0
SUM		13640.8

8.1.1 Område for råstoffutvinning (R1).

Reguleringsformålet omfattar arealet som avsett for råstoffutvinning på reguleringsplankartet – og som er vidareført frå arealbruksformålet i kommuneplanens arealdel. Arealet kan nyttast for uttak av massar og for behandling og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) med utgangspunkt i ressursane i uttaket - og primært for bruk på veganlegget Veodalsvegen. Yttergrensa for masseuttak skal følgje formålsgrensa og ved avslutting tilpassast med skråning 1:2 mot eksisterande terreng. I reguleringsføresegnene er det nedfelt at nedre grense for uttak av attverande massar skal ligge 1262 meter over havnivå (NN2000). Det er i nivå med botn på uttaket i dag. Det vil ikkje vere tillate å oppføre bygg i uttaksområdet.

Drift av uttaket skal skje i samsvar med godkjent driftsplan, og det må innhentast konsesjon for å drive uttaket frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF). I planføresegnene er det nedfelt at drift i massetaket kan skje på kvardagar måndag – laurdag kl. 07:00 – 19:00, men at opplasting og transport skal kunne skje på alle dagar kl. 07:00 - 23:00. Med omsyn til støyforureining, skal det ikkje skje maskinell knusing eller maskinell sortering i uttaksområdet.

I planføresegnene kap. 4.2.1.e er teke inn i regelverk knytt til støy, utslepp av støv til luft og utslepp til vatn - med visning til dei aktuelle paragrafer i kapittel 30 i forureiningsforskrifta: "Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel".

Det er også nedfelt i planføresegnene at området ikkje skal nyttast til lagring eller behandling av massar som tilførast utanfrå som betong, asfalt og liknande, og at lagring av skrot og søppel innafor området, ikkje er tillate. Det er nedfelt i planføresegnene at drivar av uttaket må sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn. Dersom vatnet ikkje kan infiltrerast i grunnen innafor området, skal vatnet førast til avløp til bekk/vassdrag.

I planføresegnene er det også teke inn overordna reglar om opprydding og istandsetting av området når massane ein gong i framtida er teke ut og uttaket blir avslutta. Regelverk knytt til dette vil bli utforma meir i detalj i driftsplanen som må bli utarbeidd for uttaket.

Når masseuttaket er avvikla er det nedfelt i føresegnene, at skal arealet nyttast som område for landbruk, natur og friluftsliv samt reindrift (LNFR-område).

Figur 5 under viser avgrensinga av planområdet og regulert uttaksområde med planlagd skråningsutslag ved avslutting av uttaket med nedre grense for uttak på 1262 m.o.h.



Figur 5: Avgrensinga av planområdet og regulert uttaksområde med skråningsutslag ved avslutting av uttaket. Plangrensa er vist med svart stipla strek, og arealformålsgrenser med raud strek, og markering av terrengutslog og markering av planlagt botn av uttaket med svarte tynne strekar. Bakgrunn er flyfoto frå 2017.

Masseberekninga som er gjort, viser at ressursane i uttaket ved Stallhytta kan vere nok til få halde fram i opptil 50 år med drift på dagens nivå. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein ser at uttaket ved Stallhytta har for naturmiljøet, og det forhold at ein ikkje har andre alternative råstoffkjelder som vil eigne seg betre eller har mindre skadeverknadar, har ein ikkje kome med forslag om å setje ein sluttdato for uttaket ved Stallhytta.

8.1.2 Køyreveg (V1).

Reguleringsføremålet omfattar Veodalsvegen som bomveg. Det er regulert avkøyrse til område for råstoffutvinning R1. Denne visast på plankartet med pilsymbol for avkøyrse, og skal tene både for køyring inn og ut av området.

8.1.3 Annan veggrunn – grøntareal (AVG1, AVG2 og AVG3).

Reguleringsformålet omfattar sidearealet til Veodalsvegen. Areal skal nyttast til nødvendig grunn inntil vegen for å ivareta veganlegget sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg.

8.1.4 LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (L1 og L2).

Areala er avsett for landbruk og reindrift, samstundes med at området kan nyttast for friluftsliv. På areala er det forbode med bygge- og anleggstiltak som ikkje har tilknytning til landbruk, reindrift eller friluftsliv.

8.2 Omsynssoner.

8.2.1 Omsynssone - naturvern (H560-1).

Omsynssona for naturvern som er lagt som ei buffersone langs utkantane av planområdet i område som er regulert for LNFR. Innafor omsynssona skal det ikkje skje terrenginngrep, og jord- og vegetasjonsdekke skal bli ivareteke.

9 Uttaler ved offentlig ettersyn og høyring av planforslaget.

Planforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i perioden 25.04.24 – 13.06.24. Det kom inn 4 høyringsuttaler i samband med den offentlege høyringa og ettersynet av planforslaget. Uttalene er vedlegg til saka. Under er det referert det vesentlegaste frå desse med kommentarar frå saksbehandlar.

9.1 NVE, brev datert 25.04.2024

NVE skriv at dei på grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar, ikkje har kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring.

NVE skriv at kommunen som planmynde har ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. NVE viser til si kartbasert rettleiar for reguleringsplan, som leier ein gjennom NVE sine fagområde, og NVE sin rettleiar for arealplanlegging. Dei skriv at kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Kommentarar frå plankontoret.

NVE gav meir konkrete innspel ved melding om oppstart av planarbeidet, jf. kapitel 7.1 framføre.

Kommunen har ved utarbeiding av reguleringsplanen vurdert planløysingar i forhold til NVE sin vegleiar for reguleringsplanar og NVE si kartbaserte rettleiar, jf. kommentarane frå saksbehandlar som er gjeve i kapitel 7.1.

Kommunen er klar over sitt ansvar for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg ved reguleringsplanlegginga.

9.2 Direktoratet for mineralforvaltning, brev 12.06.2024

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til at dei gav fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet 21. juli 2023. Her opplyste dei om forventningar til kva planen burde innehalde, og ga DMF innspel til utforming av plandokumenta.

DMF viser til at masseberekninga som er gjort, anslår at uttaket ved Stallhytta kan vere i drift opptil 50 år med tilsvarande behov for massar som i dag. Dei viser til at kommunen har gjort ei vurdering at det ikkje er naudsynt med ei dato for avslutning av masseuttaket, noko DMF skriv dei er einige i for å sikre at uttaket ikkje må avsluttast før ressursen er utnytta.

DMF skriv at det er deira planfaglege råd å ta ut føresegna i 4.2.1 k). Dei viser til at føresegna seier at *«Plan for revegetering og terrengforming skal bli utarbeidd som ein del av driftsplanen.»* DMF skriv at dei med «driftsplan» her forstår driftsplan etter minerallova. Dei skriv at dersom kommunen ynskjer å legge strengare føringar enn dei som følgjer av minerallova, må kommunen heimle dette i eigen myndigheit etter plan- og bygningsloven. DMF skriv at kommunen ikkje kan i legge føringar for innhald i driftsplanen som i føresegna 4.2.1. k), og skriv at føresegna derfor bør takast ut.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 a) i føresegnene står at: *«I område for råstoffutvinning (R1) er det tillate uttak og lagring av lausmasse (grus, stein og sand) med utgangspunkt i ressursane i uttaket primært for bruk på veganlegget Veodalsvegen.»*. DMF ber kommunen vurdere om det er naudsynt å stille eit lite konkret krav om kor massane skal nyttast i føresegna til planen.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 d) i føresegnene står at: *«Nedre grense for uttak av massar skal ligge på høgde 1262 meter over havnivå (NN2000).»*. DMF skriv at dei i utgangspunktet ikkje anbefalar at det ikkje settast nedre uttaksgrense for uttak sidan dette kan redusere ressursutnyttinga når det først opnast for uttak. Dei skriv at det i nokre tilfelle kan vere omsyn som tilseier at det fornuftig å sette nedre uttaksnivå, for eksempel grunnvatn. DMF skriv at dei ikkje kan sjå at føresegna er grunngjeve i planomtala, anna enn at dette er kota for eksisterande uttak. DMF anbefalar derfor at føresegna vert teken ut eller grunngjevast nærmare i planomtala.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 l) i føresegnene står at *«Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting i samsvar med godkjend driftsplan.»* DMF meiner at første setning i 4.2.1. l) bør takast ut, og at setninga bør skrivast om slik at den ikkje viser til driftsplanen. DMF skriv at dersom kommunen vil stille eigne krav til avslutting og istandsettinga, må det gjerast i føresegn til reguleringsplanen. DMF skriv at dei vurderer at føringane for avslutning og istandsetting av uttaket, er sett i andre og tredje setning i 4.2.1. l), i tillegg til i bokstav m) og n). Dei peikar på at reguleringsføresegna avklarar etterbruken av arealet til landbruksføremål, med vidare referanse til kva føresegner som gjeld etter avslutta masseuttak. DMF viser også til at de også er sett krav til utforming av terrenget etter avslutta drift. Dei skriv at korleis avslutting av uttak elles følgjast opp frå DMF kjem fram av deira driftsplanrettlegging.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 h) i føresegnene står at «*Drivar av uttaket er ansvarleg for at anleggsområdet er forsvarleg sikra. Det kan bli sett opp gjerde på oversida av der det blir teke ut masse for å unngå at folk dyr kjem utafor brotkanten og skadar seg. Nærare reglar om gjerde blir fastsett i driftsplan.*» DMF peikar på at første setning pålegg ansvar til ein bestemt part og bør takast ut eller formulerast om. Dei peikar på at føresegner skal sette rammene for arealbruken, og skal ikkje pålegge kven som skal utføre tiltaka i planen. DMF skriv at dei er einig i at føresegnene bør opne for å tillate naudsynt sikringstiltak, men ikkje avgrense aktuelle sikringstiltak som i dette til felle til berre å vere gjerde. DMF anbefalar at føresegna før følgjande, eller tilsvarande, ordlyd: «*Uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra*». DMF peikar på at det samtidig skal vere vurdert om det er avsett tilstrekkeleg areal til oppføring, tilsyn og vedlikehald av sikring. Dei viser til at detaljar om konkrete sikringstiltak skal gå fram av driftsplanen og også ivaretakast av sikringsplikta i § 49 i minerallova.

DMF viser til at det i punkt 4.2.1 j) i føresegnene står at «*Innafor arealet avsett for råstoffutvinning, må drivar av uttaket sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn.*» DMF vurderer at ordlyden også her pålegg ein part ansvar. DMF anbefalar kommunen å vurdere om ordlyden i første setning i punkt 4.2.1. j) er gyldig og eventuelt kan takast ut eller formulerast om.

Kommentarar frå plankontoret.

Når det gjeld DMF sitt planfaglege råd knytt til føresegna 4.2.1. k), tek kommunen desse til etterretning, og tek ut dette punktet. Ein ser av DMF sin driftsplanrettlegging at driftsplan i medhald av minerallova vil ivareta omsynet til stabile skråningar og opprydding/istandsetting ved avslutting av uttaket, og vurderer at det da ikkje vil vere behov for å setje krav om plan for terrengforming og revegetering i reguleringsplanen.

Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. a) knytt til at ressursane i uttaket primært skal nyttast for bruk på veganlegget Veodalsvegen, kan ein vere samd at det både er uvanleg å seie kor grusen skal brukast, og at bruken av ordet "primært" gir inntrykk av upresisjon og gir ei opning for bruk andre stadar. Det er eksempel på at massar frå uttaket i seinare tid også har vore nytta til anna enn vegformål. Da ein til dømes anla nytt jordreinseanlegg ved Glitterheim turisthytte, vart det nytta massar frå grustaket ved Stallhytta. Når ein i kommuneplanen opna for å fortsette drifta i uttaket ved Stallhytta, var det nettopp med grunngrjeving at massane skulle nyttast til vedlikehald av veganlegget, og at ein da kunne hente grusen lokalt for å unngå lang transport. Uttaket ligg i eit høgfjellsområde i statsallmenning med store natur og landskapsverdiar, og kommunen og fjellstyret ønskjer ikkje stor uttaksverksemd og kommersiell drift. Det er grunngrjevinga for å ha denne føresegna, og sjølv om ordet "primært" gjer den noko upresisjon vil ein tilrå å oppretthalde føresegna som den er da det da vil opne for anna bruk i unntakstilfelle inne i Veodalen.

Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. d) som set nedre grense for uttaket til 1262 moh, er dette omtala i kapittel 7.1 i planomtalen som knytter seg til NVE sitt innspel ved oppstart av planarbeidet. NVE viste her til at massetaket ligg nær elva Veo som er verna vassdrag. NVE rådde kommunen til å sette nedre uttaksnivå for uttaket for å sikre at tiltaket ikkje påverkar grunnvasstand, og med det vassdraget indirekte, rør. Dei peika på at grunnvatn er underlagt vassressurslova, og at særskilte føresegner for grunnvatn står i lovas kapittel 8, § 44 og § 45. Plankontoret kjenner ikkje sikkert grunnvasstanden i uttaksområdet, men vasskanten for det vesle tjernet like vest for uttaket har høgde 1260,09 moh i FKB-data.

Omrisset av tjernet er teikna ut frå vasstanden på flybilde frå 2004. Ein ser av flybilde frå 2010 at vasspeilet da dekker ei større flate enn i 2004. Det er ingen tydelege bekker som kjem inn og ut av tjernet, så ein vil tru at vasstanden i tjernet nokon lunde gjenspeilar grunnvasstanden. Terengprofilane TP03, TP04, TP05, TP06 og TP07 går ut i vasspeilet for den vesle tjønna, og gir også ein intrykk av nedre uttaksgrense i forhold til vasspeilet i tjernet. Kart over dreneringsliner frå InnlandsGis viser lågpunkt i areal inne i eksisterande masseuttak der det er berekna at det vil stå vatn i ein flaumsituasjon. Plankontoret ønskjer ut frå dette å oppretthalde ei nedre uttaksgrense på 1262 moh. som i forslaget til reguleringsføresegnene.

Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. l), tek kommunen desse til etterretning, og endrar teksten til "Når uttak og lagring av uttekne lausmassar vert avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting for bruk som område for landbruk, natur og friluftsliv samt reindrift (LNFR-område)" Ein ser av DMF sin driftsplanrettleiing at driftsplan i medhald av minerallova, vil ivareta nødvendige omsyn ved avslutting av uttaket, og at det ikkje vil vere trong for meir utdjuping i reguleringsplanen. Punktet får endra nummer til 4.2.1 k) etter at opphøveleg k) vart fjerna, jf. kommentarane ovafor.

Når det gjeld DMF sine kommentarar til føresegna 4.2.1. h), tek kommunen desse til etterretning, og endrar ordlyden slik DMF tilrår til: "Uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra". Ein ser av DMF sin driftsplanrettleiing at driftsplan i medhald av minerallova vil ivareta omsynet til sikring av uttaket både under drift og etter at uttak er avslutta.

9.3 Innlandet fylkeskommune, brev 12.06.2024

Innlandet fylkeskommune (Kulturarv) viser til at varslingsplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd er tatt inn i planens felles føresegner. Dei skriv at forholdet til eventuelle ikkje registrerte kulturminne dermed er ivaretatt i planen, og at undersøkingsplikta etter kulturminnelova § 9 seies som oppfylt.

Fylkeskommunen skriv at dei som eigar og forvaltar av fylkesvegane i Innlandet, uttaler vi oss til alle forhold som vedkjem fylkesvegane konkret. Innlandet fylkeskommune legg til grunn at massane skal brukast lokalt til vedlikehald av Veodalsvegen, og at tiltaket ikkje vil medføre transport ut på fylkesveg. Dei skriv at det utover dette ikkje har samferdselsfaglege merknader til reguleringsplanen.

Fylkeskommunen skriv at dei vurderer at innspela dei hadde ved varsel om oppstart, knytt til naturmangfald, er tilstrekkeleg varetatt gjennom planføresegna og omsynssone.

Kommentarar frå plankontoret.

Teke til etterretning.

9.4 Statsforvaltaren i Innlandet, brev 13.06.2024

Statsforvaltaren viser til at dei gav innspel til varsel om oppstart av planarbeidet, og at dei tykkjer at kommunen/-plankontoret har gjort ei sær god utgreiing av planen. Dei skriv at alle forhold dei ga innspel om, er omtalt og avklart på ein god måte. Statsforvaltaren viser til at dette er eit avgrensa massetak som ligg lang frå folk, og som i hovudsak er knytt til vedlikehald av Veodalsvegen.

Statsforvaltaren skriv at dei ikkje har ytterlegare merknader til saka.

Kommentarar frå plankontoret.

Teke til etterretning.

10 Planforslaget ved sluttbehandling av planen.

Planforslaget ved sluttbehandling består av følgjande dokument:

- Reguleringsplankart i målestokk 1:1000 (A4-format)
- Planføresegner
- Planomtale (dette dokumentet)
- ROS-analyse
- Masseberekning

Det er gjort endringar i planføresegnene, planomtalen (dette dokumentet) og ROS-analysen etter det offentlege ettersynet og høyringa, medan plankartet og masseberekninga er uendra.

Da det er ikkje gjort endringar på plankartet med omsyn til reguleringsformål som følgje av det offentlege ettersynet og høyringa av planforslaget, vil plankartet og arealtabellen som er vist i kapitel 8 framføre framleis vere gjeldande. Det same gjeld omtale av reguleringsformål og omsynssoner i dette kapitelet.

I planføresegnene er det gjort endringar på nokre av punkta i kap. 4.2.1 - Område for råstoffutvinning. Endringane er gjort med grunnlag i faglege råd og merknadar frå Direktoratet for mineralforvaltning, og er knytt til kva for tema/forhold som er rett/tenleg å regulere etter plan- og bygningslova og kva for regelverk som i staden bør inngå i ein framtidig driftsplan for uttaket etter Minerallova sitt regelverk. For nærare omtale av desse endringane viser ein til kapitel 9.2 over.

Planomtalen (dette dokumentet) er supplert med kapitela:

- Kap. 9 Uttaler ved offentlig ettersyn og høyring av planforslaget
- Kap 10 Planforslaget ved sluttbehandling av planen

Det har medført at kapitelet "Verknadar av planforslaget" har fått ny nummerering 11, som da også vil gjelde underpunkt under dette.

ROS-analysen har fått ein lita justering i skjema for vurdering av risiko og konsekvens i kap. 5.1 (DSB-skjema). Dette er gjort med bakgrunn i endringar som er gjort i føresegnene. Under punktet "Oppfølging gjennom planverktøy" står det no at uttak i området skal skje etter driftsplan etter minerallova (planføresegnene kap. 4.2.1 b), og at uttaket skal til ei kvar tid vere forsvarleg sikra (planføresegnene kap. 4.2.1 h).

11 Verknadar av planforslaget.

11.1 Utløyser reguleringsplanlegginga krav om konsekvensutgreiing?

Arealet som det i reguleringsplanen blir føreslege regulert som område for råstoffutvinning i denne planen, ligg i kommuneplanen sin arealdel som "*Område for råstoffutvinning*" M1. Planforslaget omfattar elles regulering av ein mindre strekning av Veodalsvegen ved avkøyrsla til uttaket, som ligg som samferdselsline "*Samleveg*" kommuneplanens arealdel. Arealet elles er LNFR-formål i kommuneplanen, og er lagt ut med reguleringsformål "*LNFR for nødvendige tiltak landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*" i reguleringsplanforslaget. Reguleringsplanforslaget må derfor seiast og vere godt i samsvar med kommuneplanen som overordna plan.

Det var gjennomført konsekvensutgreiing for området M1 for råstoffutvinning i samband med kommuneplanens arealdel. Rettleiar til KU-føreseigna og kapittel 5.4 seier «... Selv om konsekvensene av ny eller endret arealbruk er utredet på et overordnet nivå, skal konsekvenser av det konkrete utbyggingsforslaget likevel utredes på detaljregulerings-nivå dersom det faller innenfor forskriften sitt virkeområde. ...».

11.1.1 Vurdering av tiltaket i forhold til KU-forskriftas § 6.

Kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel. Ein vurderer såleis at utbygginga ikkje fell inn under tiltak som alltid skal bli konsekvensutgreia og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6 a og som er omfatta av tiltak i Vedlegg I. Vedlegg I punkt 19 omfattar uttak av malmar, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar sama overflate blir råka eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m³ masse. Uttaket som ligg i planforslaget for Stallhytta omfattar ei overflate på 6,5 dekar, og potensiell uttaksmengde på 24 580 m³, slik at det i storleiken kjem langt under det som er nedfelt i punkt 19.

11.1.2 Vurdering av tiltaket i forhold til KU-forskriftas § 8 og 10.

Planlegginga kan likevel vere omfatta av krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskriftas § 8 a. som seier: "*Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding: a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*". Vedlegg II nr. 2a til KU-forskrifta omfattar mindre uttak av massar.

Sidan kommunen vurderer at forslaget om regulering, er heilt i samsvar med det som er fastsett i kommuneplanens arealdel, og arealbruken er konsekvensutgreidd tidlegare på kommuneplannivå, står det da likevel att ei vurdering av om planen/tiltaket skal bli konsekvensutgreidd meir grundig på detaljplannivå ut frå om framtidig utbygging kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter kriteria i § 10 – 2. ledd. I dette planområdet er det drevet masseuttak i mange år med heimel i kommunedelplan/ kommuneplan. Storleiken på det området som blir omfatta av uttaket, vil bli noko utvida etter kvart som masser blir teke ut, men gjennomsnittleg årleg uttak av grus for å reparere/vedlikehalde veganlegget Veodalsvegen vil ikkje bli endra i forhold til i dag. Forutan

at det visuelle inntrykket vil endre seg noko ved at storleiken på uttaket aukar, er det ikkje venta at drifta av uttaket vil medføre større ulemper og miljøbelastning enn i dag.

Vurdering i forhold til KU-forskrifta § 10 - 3. ledd pkt. a): Planområdet ligg i ikkje i område som er verna etter naturmangfaldslova, men ligg i nedslagsfeltet for Sjoavassdraget som er verna vassdrag. Sjoavassdraget vart i Stortinget varig vernet mot kraftutbygging i Verneplan I for vassdrag i 1973. Planområdet ligg i nedslagsfeltet til sideelva Veo, og Veo er likevel omfatta av kraftutbygging. I 1960, 13 år før vedtaket av Verneplan I, vart det gjeve løyve til utnytting av Veo til kraftproduksjon med overføring til Tessevassdraget. Om lag 2 km nedfor reguleringsplanområdet for uttaket ved Stallhytta, vert elvevatnet i Veo leia inn i ein tunell som går over til Smådalen. Det er ikkje sett krav om å sleppe minstevassføring nedfor inntaket, slik at i delar av året vert så å seie alt vatnet som renn i Veo nedafor planområdet teke inn i tunell og overført til vassdraget i nabodalføret. Det må likevel da bli forstått slik at Veo er varig verna mot kraftutbygging på oversida av inntaket, og at rikspolitiske retningsliner for vassdrag i alle fall gjeld her.

11.1.3 Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 med bakgrunn i at planområdet ligg i nedslagsfelt for verna vassdrag.

I rikspolitisk retningsline (RP) for verna vassdrag er det mellom anna nedfelt at for å oppnå måla med vassdragsvernet "*må det særleg leggast vekt på å gi grunnlag for å: a. unngå inngrep som reduserer verdien av landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø*" (sitat frå kap. 3).

I kap. 1 i RP står det at retningslinene gjeld følgjande delar av det enkelte verneobjekt avgrensa til å gjelde vassdragsbeltet, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjør og tjern og eit område på inntil 100 meter langs sidene av desse. I tillegg kan dei gjelde andre delar av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi. Massetak er omtalt i retningslina og er lista opp i vedlegg 3 under inngrep som kan skade verneverdiar slik (sitat):

Type inngrep	Formål	Mulig skade på verneverdier
Masseuttak i og ved elva	Produksjon av sand og grus	Landskapsforandring, skader på fisk og bunndyr, inngrep i elvas naturlige prosesser, senker elvebunn og vannstand i nærliggende dammer og kroksjøer

I den rikspolitiske retningslina er det gjeve tilrådingar om kommunal planlegging i områder som er omfatta av verneplan for vassdrag, mellom anna til korleis vassdraget skal bli behandla i kommuneplanens arealdel. I kommuneplanens arealdel for Lom som vart vedteken i 2022, er Veo lagt ut med arealbruksformål "bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone", medan områda i kring har arealbruksformål LNFR. Det er i tråd med retningslina. Det er lagt inn 50 meter byggegrense langs elva, sideelvar og større bekkar og tjern på strekninga frå kommunegrensa mot Vågå til grensa for Jotunheimen nasjonalpark. At det ikkje er nytta 100 meter byggegrense, har bakgrunn i at Veo er nytta til kraftutbygging ved at vatnet er overført til Smådalen. I kommuneplanens arealdel, er masseuttaket ved Stallhytta lagt inn med arealbruksformål som område for råstoffutvinning, og såleis

planavklart sjølv om det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for å gi rammer for verksemda. Planområdet ligg like for utafor 100-meters beltet langs Veo.

Sidan området er planavklart for drift av massetak, vil ein her gjere ei kort vurdering av den fastsette arealbruken i forhold til det som er lista opp i vedlegg 3 i RP:

- **Landskapsforandring:** Det er eit samfunnsmessig behov for å stelle vegen, og ressursane som skal til for det må takast ein plass. Her er det allereie eit grustak som er i drift. Uttaket er av avgrensa omfang, og ligg tett inntil hovudvegen i dalføret. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein her ser at dette har for landskapet, vil det av landskapsomsyn vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare i forhold til å ta hol på nye areal i dalføret for å etablere grusuttak. Ein viser til kap. 8.4 Verknadar for landskap.
- **Skadar på fisk og botndyr:** Masseuttaket røyrrer ikkje ved vassareal, og bidreg heller ikkje til utslepp til vassdrag som kan påverke fisk og botndyr.
- **Inngrep i elvas naturlege prosessar, senker elvebotn og vasstand i nærliggande dammar og kroksjøar:** Masseuttaket gjer ikkje inngrep som har slike verknadar.

I kapitel 8.2, 8.3 og 8.5 i denne planomtalen, er det gjort greie for verknadane av masseuttaket i forhold til naturmiljø/ naturmangfaldlova, friluftsliv og kulturminne/kulturmiljø. Ein viser til det som står her. Ein konklusjon som må trekkast ut frå det, er at å fortsette masseuttak ved Stallhytta innafor dei rammene reguleringsplanforslaget set, ikkje vil redusere verdien i forhold til vassdragsvernet. Ein vurderer det da også slik at tiltaket og reguleringsplanlegginga ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing i forhold til KU forskriftas § 8 og 10 - med grunnlag i at planområdet ligg i nedslagsfeltet for varig verna vassdrag.

Det som påverkar derimot vesentleg påverkar vassdragsvernet i dette området, er konsesjonen som er gjeve til reguleringa av Veo med overføring av vatn til Smådøla i nabodalføret i samband med Tessereguleringa.

11.1.4 Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 3. ledd pkt. b)

KU-forskrifta § 10 3. ledd pkt. b) nemnar mellom anna opp "verdifulle landskap" som eit moment som skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing. I KU til kommuneplanen var landskapsverknaden av masseuttaket M1 - Stallhytta – vurdert å ha "Middels negativ konsekvens". Vurderinga var at landskapet i Veodalen kring uttaksområdet er storslått og vakkert, og var vurdert til å ha landskapsverdiar ut over det normale. Det var vurdert at uttakets si vesle storleik og lokalisering inntil veganlegget, er med på å avgrense skadeverknadane i forhold til landskapsverdiane. Når uttaket no bli regulert og får ein godkjent driftsplan fastset nærare reglar for utnytting av uttaket og for istandsetting og opprydding når grusen er teke ut, vil det borge for at uttaket ikkje vil føre til vesentlege negative verknadar for landskapet. Med bakgrunn i at inngrepet omfattar lite areal og uttaksmengdene samla er så små, meiner plankontoret det ikkje vil vere påkravd med ein ny konsekvensutgreiing på detaljplannivå av omsyn til landskapsomsyn. Plankontoret meiner at det vil vere tilstrekkeleg at verknadane for landskap i denne saka blir nærare behandla her i planomtalen til reguleringsplanen. Ein viser til kap. 8.4 Verknadar for landskap.

KU-forskrifta § 10 3. ledd pkt. b) nemnar mellom også opp "truede arter eller naturtyper" som eit moment som skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren

viser i si uttale til at uttaksområdet ligg innafor eit større område der det er registrert førekomst og hekking av to raudlista fugleartar (NT-nær truga) samt andre artar som ikkje er raudlista. Statsforvaltaren viser til at registreringane er av noko eldre dato, og at dette blir nærare avklart i det kommande reguleringsplanarbeidet. I naturbase ligg planområdet innafor eit større areal som er avsett som leveområde for desse to vadfuglartar som i gjeldande norsk raudliste (2021) har status nær truga (NT). Leveområdet som er kartfesta for desse artane omfattar ein om lag 10 km lang strekning på begge sider av Veo og omfattar eit areal på 9,1 km². Det er mange kjende hekkelokalitetar og biotopar av stor verdi for vassfugl i Veodalen, men ein kjenner ikkje til hekking nær planområdet eller at dette har særleg betydning for fugl - eller spesielt for dei to raudlista artane. Ein viser til kapittel 8.2 under for fleire opplysningar og vurderingar i forhold til dette. Plankontoret meiner at det vil vere tilstrekkeleg at verknadane for dei raudlista artane i denne saka blir nærare behandla her i planomtalen til reguleringsplanen, og at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing på detaljplannivå i forhold til dette.

11.1.5 Vurdering i forhold KU-forskrifta § 8 og 10 3. ledd pkt. f - h.

Plankontoret har også vurdert om planen kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn i forhold til dei andre omsyn som er nemnt i § 10 KU-forskrifta, især pkt. f, g og h som vurderast å vere dei aktuelle i denne saka. Når det gjeld eventuelle verknadar i forhold til vatn-/luftforureining (herunder støy og støvutslepp), og risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum, er desse tema nærare behandla i ROS-analysen som følgjer reguleringsplanforslaget. Det er i ROS konkludert med at planen ikkje vil medføre forureining som vil gi vesentlege skadeverknadar, eller at naturfarar vil medføre risiko for alvorlege ulykker. Plankontoret meiner at det ut frå dette, vil vere tilstrekkeleg at verknadane med omsyn til desse forholda, behandlast i ROS-analysen og omtalast i denne planomtalen, og ikkje krev nærare konsekvensutgreiing på detaljplannivå.

11.2 Verknadar for naturmiljø og naturmangfald.

For all utøving av offentleg mynde som rører naturmangfald følger det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal bli lagt til grunn.

Planområdet er ikkje omfatta av areal eller ligg nær område som er omfatta av vern etter naturmangfaldslova, eller som kartlagt som viktig naturtype. Avstanden til Jotunheimen nasjonalpark i vest, er om lag 2,1 km. I naturbase ligg planområdet innafor eit større areal som er avsett som leveområde for to vadfuglartar som i gjeldande norsk raudliste (2021) har status nær truga (NT). Leveområdet som er kartfesta for desse artane omfattar ein om lag 10 km lang strekning på begge sider av Veo frå kommunegrensa mot Vågå i aust til utlaupet av Bergenussa, og omfattar eit areal på 9,1 km². Hekkesesongen for dei to artane er i faglitteraturen oppgjeve frå april til juni, avhengig av lokalisering av hekkeområdet. Her er leveområdet lokalisert høgt til fjells, mellom 1180 – 1325 moh, så det er grunn til å tru at perioden med ruging og seinare oppfostring av ungar fram til dei blir flygedyktige, strekk seg noko ut over sommaren. Ein har ingen kartfesta punktobservasjonar av dei to artane heilt nær planområdet. Planområdet ligg på det næraste i avstand 125-200 m frå Veo. Det er eit lite tjern som ligg like vest for planområdet. På det offisielle kartverket (FKB) har tjernet største lengde på 58 m og største breidde 35 m, og eit areal på om lag 1,5 dekar. Tjernet ligg

noko lågare i terrenget enn planområdet. Ut frå FKB data ligg vassoverflata på 1260 moh. Tjernet kan ha verdi for vassfugl, om ikkje for hekking, så for næringssøk. Fjelloppsynet har opplyst at dei kjenner til mange hekkelokalitetar og biotopar av stor verdi for vassfugl i Veodalen, men at dei ikkje kjenner til hekking ved dette vesle tjernet eller at tjernet har særskilte verdiar for vassfugl. Lokal ornitolog som har god kjennskap til fuglelivet i Veodalen, seier det same. Drivar av Glitterheim Turisthytte som passerer tjernet dagleg i sommarsesongen, og som også disponerer Stallhytta, har heller ikkje observert hekking av vadefugl ved tjernet eller tilhald av andre artar som er knytt til vatn som fiskemåkar og ender. I planforslaget er det lagt opp til tjernet ikkje skal bli direkte påverka av uttaket, og at dette blir avslutta på det næraste om lag 20 m frå det vesle tjernet. Leveområdet som er kartfesta for dei to aktuelle vadefuglartane er stort, og planområdet ligg nær yttergrensene for dette. Det er ingen eller ingen registreringar i Artsdatabanken av truga/sårbare dyre eller planteartar i eller nær planområdet.

I samsvar med naturmangfaldlovas § 8 skal kunnskapsgrunnlaget av naturmangfald og naturverdiar baserast på vitenskapleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypens utbreiing og økologisk tilstand. Den gjeldande raudlista for artar kom i 2021, og viser at det er mange artar av vadefugl som slit, i første rekkje med grunnlag i at leveområdet deira som er våtmark vert bygd ned eller blir dårleg ivareteke. Dei to vadefuglartane det her er tale om, kom inn på raudlista da, altså med vurdering nær truga (NT). Det er derfor stor grunn til å vie ekstra merksemd på å bevare leve- og funksjonsområde for dei to artane, og unngå å setje i verk tiltak som vil kunne forringe biotopane dei er knytt til.

I dette tilfellet legg ikkje reguleringsplanforslaget opp til nokon auke i aktiviteten i masseuttaket, men at uttaka kan fortsette på same nivå som i dag. Det vil innebære at årlege uttak av massar framleis vil vere små, og at verksemda ikkje vil omfatte støyande aktivitetar som knusing eller sortering av massar. Ein vurderer det dessutan at det er svært lite sannsyn for at dei to aktuelle vadefuglartane vil nytte området kring det vesle tjernet for hekking. Det er mange andre og meir attraktive lokalitetar for hekking og næringssøk i nærleiken. Det vesle tjernet har ikkje noko synleg bekketilsig, slik at næringstilgangen truleg er liten. Det er sparsamt med vegetasjon og heller ikkje spesielt eigna vegetasjon kring tjernet som gjer det attraktivt for hekking, eller som gir mogelegheit for skjul. Med bakgrunn i at aktiviteten som ein legg opp til for massetaket vil vere liten og ikkje medføre særleg støy eller mogelegheiter for anna forureining som vil ha påverknad på naturmiljøet ut over planområdet, konkluderer ein i denne saka med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte vedtak i denne plansaka.

Føre-var prinsippet etter § 9 i naturmangfaldslova skal bli nytta i dei tilfella der ei avgjerd kan bli fatta utan tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknad denne vil ha på naturmiljøet. I slike tilfelle skal ein unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Statsforvaltaren skriv i si uttale at det bør det vurderast om uttak og knusing skal avgrensast i sårbare periodar for evt. hekkande og raudlista fugleartar. NGU oppgjer i si omtale av massetaket, at berre 5 % av massane er stein, og drivar av uttaket opplyser at det verken blir knust eller sortert masse i uttaket. Å ta inn reglar som set forbod mot knusing og sortering av massar i uttaket med omsyn til å avgrense støy frå uttaket, vil derfor ikkje skape ulemper for drifta, sjølv om det i og for seg ikkje vil ha nokon praktiske verknadar. Da ein over har vurdert kunnskapsgrunnlaget som godt nok, og planforslaget elles er vurdert til ikkje å ha vesentleg påverknad for naturmiljøet, vurderer ein ikkje føre-var prinsippet relevant i forhold til den vidare behandlinga av planforslaget.

Etter § 10 skal den planlagde bruken av området vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Planforslaget er vurdert til ikkje å gi nokon vesentleg belastning for økosystemet. I nærleiken har det skjedd kraftutbygging på starten av 1960-talet i form av at Veo er teke inn i tunell og overført til Smådalen som ledd i kraftproduksjonen i Tessevassdraget. Inntaket av elvevatnet ligg om lag 2 km nedfor reguleringsplanområdet, og det er ikkje krav om minstevassføring nedfor inntaket. Elles går Veodalsvegen tett ved planområdet, der det er ganske stor trafikk på sommaren da vegen er open. Ein kjenner ikkje til anna mogelege belastningar på naturmiljøet ein desse i området som må sjåast i samanheng med tiltaka i planforslaget. Tross desse tiltaka, vil ein karakterisere tilstanden for naturmiljøet og økosystemet i Veodalen som god. Plankontoret si vurdering av samla belastning, er at naturmiljøet og økosystemet ikkje vil ta varig skade av framhald av drifta av masseuttaket med dei avgrensingar det leggst opp til i reguleringsplanforslaget.

Plankontoret reknar ut frå det som er skrive over, at dei planlagde tiltaka som er omfatta av planforslaget, ikkje vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet i dag eller i framtida. Tiltaket vil ikkje føre med seg slik skade på naturmangfaldet at vurdering av dekking av kostnader ved miljøforringing blir relevant (jf. § 11 i naturmangfaldlova).

Formålet med § 12 er å ta sikte på å unngå eller avgrense skader på naturmangfaldet. Dette skal man gjere gjennom å ta utgangspunkt i slik teknikk og lokalisering som, ut i frå vurderinga av dei andre prinsippa, både tar omsyn til naturen og til samfunnsøkonomiske prinsipp. Ein vurderer at anleggsverksemd som må utførast ved drifta av masseuttaket i samsvar med planforslaget, vil bygge på kjend teknikk, vil vere forholdsvis lite omfattande og føreseieleg og vil ivareta dei omsyn som § 12 er meint å ivareta.

Grusuttak er i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig for naturmiljøet. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke som naturen har brukt årtider på å bygge opp, må bli fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Dette er areal som også har vore livsmiljø for dyr, fugleliv og mikroorganismar. Ein føreset vanlegvis avbøtande tiltak med at jord og humuslag skal bli lagt til side, og bli attendeført som topplag etter at grusen er teke ut. Tidshorisonten er ofte lang, og det kompenserer ikkje på nokon måte fullt ut for dei biologiske verdiar som går tapt.

På lokaliteten som blir utnytta for grusuttak ved Stallhytta, er det likevel avgrensa med biologiske verdiar som går tapt. Jorddekket/humuslaget er tynt, og det permeable grusdekket under held lite på væte. Grusryggen ligg utsett for vår og vind, og byr på eit lite gunstig livsmiljø. I utgangspunktet er det derfor eit økosystem med forholdsvis lite biologisk mangfald og biomasse.

Det er eit samfunnsmessig behov for å stelle vegen, og ressursane som skal til for det må takast ein plass. Med omsyn til å redusere utslepp av klimagassar og andre forureiningar, vil det vere gunstig å unngå lang transport av grus for vedlikehald av veger eller for andre anleggsformål i området. Her er det allereie eit grustak som er i drift, og som ligg tett inntil Veodalsvegen.

Statsforvaltaren har bede kommunen vurdere alternativ forsyning av masser og om det kan vere tenleg å sette ein sluttdato for uttaket i reguleringsføresegnene.

Det er lang avstand til andre område for massetak. Det næraste er på Kyrkjeflaten ved Nåvårseter, om lag 14,7 km frå planområdet. Frå dette grustaket er det henta grus for toppdekke på vegen dei siste åra som omtalt i kapitel 5 over. Uttaket på Kyrkjeflaten er heller ikkje omfatta av godkjend reguleringsplan, og det etter krav i kommuneplanens arealdel starta opp ein reguleringsplanprosess er som for uttaket ved Stallhytta. Også området på Kyrkjeflaten ligg ope til i fjellandskap med både store landskapsverdiar og verdiar knytt til naturmangfald. Det er derfor knytt usikkerheit til kor mykje ressursar som kan bli godkjend for utnytting i uttaket ved Kyrkjeflaten. Grusen som er henta frå området ved Kyrkjeflaten dei siste åra, har vore knust masse frå tunelldrift i samband med utbygging av Smådøla kraftverk. Kraftutbygginga var avslutta i 2019, og sprengstein frå tunelldriften er lagra på Kyrkjeflaten i ein stor tipp. Etter konsesjonsvilkåra i samband med vassdragsutbygginga, er tippmassane ordna til og dekkja over, og kan ikkje nyttast for uttak. Ein vurderer at det uansett vere gunstig av klima- og miljøomsyn, å avgrense den lange transporten oppover og innover fjellet frå Kyrkjeflaten til dei indre delane av vegganlegget mest mogeleg, og heller utnytte grus frå uttaket ved Stallhytta der massane frå her eignar seg for reparasjonar og vedlikehald. Dersom det også skulle vise seg at ressursane som kan utnyttast i uttaket på Kyrkjeflaten vil vere avgrensa, kan det bli snakk om at ein må sjå seg om etter nye uttaksområde. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein ser at uttaket ved Stallhytta har for naturmiljøet, meiner plankontoret at det av miljøomsyn vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare, styrt av ein reguleringsplan og ein driftsplan, i forhold til eventuelt å ta hol på nye areal i Veodalføret for å etablere grusuttak.

Masseberekninga som er gjort, viser at ressursane i uttaket ved Stallhytta kan vere nok til få halde fram i opptil 50 år med drift på dagens nivå. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein ser at uttaket ved Stallhytta har for naturmiljøet, og det forhold at ein ikkje har andre alternative råstoffkjelder som vil egne seg betre eller har mindre skadeverknadar, vil ein ikkje foreslå å setje ein sluttdato for uttaket ved Stallhytta.

11.3 Verknadar for friluftsliv, turisme og barn/unge.

Uttaksområdet er forholdsvis lite, og legg ikkje beslag større areal for friluftslivet. Veodalen er svært viktig område for friluftsliv, både for lokalbefolkninga og for tilreisande. Vegen til Glitterheim går inntil området. Parkeringsplassen er ved nasjonalparkgrensa om lag 2 km lengre inn i dalen enn uttaksområdet ved Stallhytta. Glitterheim Turisthytte er eigd og drive av Den Norske Turistforening. Hytta har 137 senger, og er viktig ledd i DNT sitt løypenett og som utgangspunkt for turar i området. Glitterheim tar gjerne imot skuleklassar, og har tilrettelagte aktivitetstilbod for barn og unge. Mange kjem forbi uttaksområdet i bil, men det er noko avgrensa med fotturistar og syklande forbi uttaksstaden. Det meste av friluftslivet i nærområdet til uttaket ved Stallhytta er knytt til utøving av jakt og fiske i Veo. Det er god passasje for ferdsel langs elva. Ein vurderer at barn- og unge sine interesser ikkje vert særskilt påverka av reguleringsplanforslaget som gruppe - i forhold til andre aldersgrupper.

Det er i reguleringsføresegnene sett avgrensingar i forhold til kva for aktivitet som kan skje i grustaket, og er ikkje rekna at støy frå drifta av uttaket vil ha særleg negativ påverknad for

utøving av friluftsliv. Grusuttaka og arbeida på vegen, vil skje over ein forholdsvis kort periode, og vil ikkje medføre større problem i forhold til utøving av friluftsliv.

For friluftslivet og turistnæringa i området, er det viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av Veodalsvegen. Å ha tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde kostnadane nede, og dermed også prisen for bomavgifta ein må betale for å køyre inn til og finansiere parkeringsplassen ved nasjonalparkgrensa.


11.4 Verknadar for landskap.

Grusuttak er i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig av landskapsomsyn. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke, vert fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Uttaka vil da i alle fall i driftsfasen stå fram som eit sår i landskapet. I eit ope høgjelandskap og med lokalisering midt i dalbotnen, vil inngrepet vere synleg frå eit stort område.


At uttaket ligg tett inntil Veodalsvegen som ligg som ein lang ope streng i landskapet, og at uttaksarealet er av liten utstrekning, gjer at opplevinga av skadeverknadane for landskapet vert noko reduserte.

Reguleringsplanforslaget inneberer at området som nyttast for uttak og lagring av masser blir utvida noko i retning mot sør. Uttaket ligg midt i dalen i høgde om lag 1265 moh. Dalen er brei, og landskapet omkring er storslått med høge fjell på kvar side av dalen. Nord for området ligg Grønflye og Heranoshøe med toppar mellom 1523 og 1666 moh. I sør er dalen omkransa av Vestkjølen, Nautgarden, Nautgardstindan og Hindnubban, der dei høgste toppane har høgde på over 2000 moh.

I KU til kommuneplanen var landskapet kring uttaksområdet vurdert å ha landskapsverdiar ut over det normale. Omgivnadane tilseier at det er grunn til å vere svært forsiktig med omsyn til å tillate terrenginngrep i området. Uttaket ligg ope til i dalen, og er synleg frå store område. Figurane på dei neste sidene viser lokaliseringa av massetaket i landskapet i Veodalen.



Figur 6
Lokalisering av
uttaksområdet
i landskapet
sett mot
sørvest innover
Veodalsvegen.




Figur 7:
Lokalisering av
uttaksområdet
i landskapet
sett mot aust
utover
Veodalsvegen.

Det er drive masseuttak i området i ei årrekke, og reguleringplanforslaget vil opne for å ta ut noko meir av massane som ligg i den grusryggen ein allereie har starta uttak på. Figur 8 under viser avgrensinga av planområdet og uttaksområdet i ein enkel 3D modell.



Figur 8: Planområdet og uttaksområdet plassert i ein 3D-modell sett mot vest innover Veodalsvegen. Plangrensa er vist med raud strek, og regulert uttaksområde med svart strek.

Vidareføring av uttaket i tråd med planforslaget, vil også opne for at ein kan få ein meir naturleg overgang mot terrenget omkring med mindre høgdeforskjellar på terrengskjeringar/ skråningar. I dagens uttak er det på det meste om lag 5,3 m høgdeforskjell mellom botn av uttaket og naturleg terreng. Ved drift av uttaket vidare mot sør og vest avgrensa slik planforslaget legg opp, vil utslaga mot terrenget ikring på det meste bli avgrensa til om lag 2 meter. Det vil bli lagt opp til at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:2 for ein "mjuk" overgang mot terrenget rundt. Figur 8 viser lengdeprofil gjennom uttaket.



Figur 9: Lengdeprofil gjennom uttaket frå Veodalsvegen og sørover. Raud line viser dagens terreng. Blå line viser terrenget ved planlagt terreng ved avslutting av uttaket. Grå flate viser masse som er planlagt teke ut.

Det er forholdsvis små mengder masse som årleg blir teke ut av uttaket. Regelverket i minerallova tilseier at det må bli utarbeidd ein driftsplan som gir reglar for korleis massetaket skal drivast og korleis arealet skal ryddast og stellast til når uttaket blir avslutta.

Det er eit samfunnsmessig behov for å stelle vegen, og ressursane som skal til for det må takast ein plass. Her er det allereie eit grustak som er i drift, og som ligg tett inntil hovudvegen i dalføret og ikkje som eit sjølvstendig tiltak ute i meir eller mindre jomfrueleg terreng. Med bakgrunn i dei forholdsvis avgrensa skadeverknadene ein her ser at dette har for landskapet, meiner plankontoret at det av landskapsomsyn vil vere fordelaktig å utnytte det eksisterande uttaket vidare i forhold til å ta hol på nye areal i dalføret for å etablere grusuttak.

11.5 Verknadar for kulturminne og kulturmiljø.

Kulturvernavdelinga i fylkeskommunen skriv at det ikkje er det ikkje er arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne innafor eller i nærleiken til planområdet. Dei viser til at tiltaket er av relativt avgrensa karakter, og at bilete frå flyboren laserskanning over området, heller ikkje viser synlege spor etter utmarkskulturminne. Utifrå dette har IFK vurdert det slik at det ikkje trengs å gjerast ei arkeologisk registrering i saka.

Slik området er lokalisert og den kunnskap kommunen sjølv har om området, kjenner heller ikkje kommunen til at det kulturminneverdiar på dette arealet. Kommunen vurderer at det er svært lite sannsyn for at vidare utnytting av grusførekomsten i samsvar med reguleringsplanen, vil råke interesser knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Elles gjeld den generelle aktsemdsplikta i kulturminnelova § 8 - 2.ledd, dvs. at dersom der i anleggsperioden blir avdekka funn av kulturminne, skal kulturvernmyndigheita straks bli varsla og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røye ved kulturminnet. Dette blir teke inn i reguleringsføresegnene.

11.6 Verknadar for jord- og skogbruk.

Reguleringsplanforslaget inneberer at areal som er avsett for råstoffutvinning ein gong i framtida skal attendeførast til LNFR-formål (landbruks-, natur- og friluftlivsformål samt reindrift), slik at areal som i planen blir regulert for massetak eigentleg blir mellombels disponert for føremålet.

Arealet ligg høgst til fjells og er ikkje omfatta av digitalt markslagsregister AR5. Det eksisterer heller ikkje vegetasjonskart eller andre kart som beskriver biologiske ressursar i området.

På den del av planområdet som ikkje allereie er omfatta av grusuttaket, er jorddekket/humuslaget er tynt. Arealet ligg ope til og er utsett for vør og vind, og øvste del av grusryggen er så å seie utan vegetasjonsdekke. Det permeable grusdekket under, held lite på væte og gjer at det er ugunstige forhold for plantevekst. Beiteverdien er såleis rekna for å vere liten. Veodalen er elles viktig område for utmarksbeite for storfe. Beitebruksplanen for Lom frå 2007, viser at det var slept 80 storfe.

Det er tamreindrift området i regi av Lom Tamreinlag. Planområdet ligg innafør konsesjonsområde for tamreindrifia. Veodalen er både viktig kalvingsområde og beiteområde for reinen til alle årstider. Der kartfesta trekkveg for reinen tvers gjennom uttaksområdet. Trekkvegen er nok avlagt på kartet med liten geografisk nøyaktigheit. I det vide dalføret med lite hindringar elles for at reinen kan passere, vil masseuttaksområdet med sin vesle utstrekning, ikkje ha noko å seie for at tamreinen kan passere, heller ikkje ved flytting av flokken.

Både for landbruksnæringa og reindriftnæringa i området, er det viktig at er tilgang på grusressursar for vedlikehald og reparasjon av Veodalsvegen med omsyn til transport av beitedyr, tilsyn av dyr, samling av dyr, osv. Å ha tilgang til grus nær veganlegget, er viktig for å halde kostnadane nede. Kostnadane haldast også nede ved at ein i stor grad nyttar eigne maskinar og utstyr i uttaket og for transport ut på veganlegget.

11.7 Verknadar for geologiske og hydrologiske ressursar.

Grusressursen er nærare omtala i kapitel 5. Som nemnt der har plankontoret gjort ei masseberekning av området som er avlagt som område for råstoffutvinning, jf. vedlegg til planforslaget. Med uttak som går ned til nivå med uttaka som er gjort til no (1262 moh), er det ut frå dette berekna at det teoretisk kan takast ut 24 580 m³ masse innafør arealet som er avlagt for råstoffutvinning i kommuneplanen sin arealdel. Berekninga vart gjort med grunnlag i laserdata frå 2017 (25 cm oppløysing). Ein føresetnad for denne berekninga er at uttaket vert avslutta med skråningar med maksimal stiging 1:2. Det er også rekna fråtrekk for eit humuslag/jordlag på toppen med djupne 0,25 m. Det er da rekna at ein ikkje støytar på fjell eller kjem bort i massar som er ueigna for føremålet, noko det er lite sannsyn for her.

DMF peikar i si uttale på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. Uttaket som her regulerast, er berre ein liten del av ein større breelvavsetting og eit ryggssystem (esker) som av NGU er oppgjeve av ca. 4 km. lengde. I dette området som ligg i eit ope fjellandskap, er det andre omsyn enn optimal utnytting av råstoffkjelda som må vektleggast tungt. Omsyn til landskap, naturmiljø mm. gjer at ein her berre kan legge opp til ein forsiktig utnytting av ressursen for å dekkje stadlege behov.

Ved normalt vedlikehaldsbehov på veganlegget, vil ein køyre ut kring 50 traktorhengarlass eller lastebillass i året. Det svarar til om lag 500 m³ i året. Med dei potensielle mengdene grus ein har rekna ut skal kunne takast ut frå grustaket i samsvar med reguleringsplanforslaget, vil grusressursane som er att i uttaket slikt sett kunne dekke behovet i om lag 50 år framover. Dette er med bakgrunn i dei massane som fanst i uttaket i 2017. Det er det teke ut noko grus sidan den gongen, men det kan likevel gi ei peikepinn om mogeleg driftstid i uttaket.

Potensialet for grunnvassressursar er sannsynlegvis stort i området. Men det er ingen avtakarar og ikkje registrert brunnar.

11.8 Verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Planområdet ligg ved Veodalsvegen som er bomveg som berre er open i sommarsesongen . Den største delen av trafikken innover langs Veodalsvegen, er knytt til transport mot Glitterheim Turisthytte. Veggen er stengt for allmenn ferdsel med bom ved nasjonalparkgrensa, der det er opparbeid parkeringsplassar for om lag 65 bilar. Frå der er det vanleg å sykle dei om lag 10 km inn til turisthytta, og det drivast utleige av sykklar av turisthytta. Elles er tamreinlaget stor brukar av vegen, og det er også mykje transport i samband med at dalen er viktig utmarksbeiteområde for gardane i Lom.

Trafikken på vegen er totalt sett forholdsvis liten, men kan vere stor på enkelte dagar med "fjellvêr" og stor utfart. Da kan det vere parkert mange fleire bilar langs vegen inn mot nasjonalparkgrensa, enn det det er plass til på den opparbeida parkeringsplassen.

Uttransport på vegenlegget av masser frå masseuttaket ved Stallhytta medfører traktor-/lastebiltrafikk etter vegen, men skjer ikkje i periodar med den travlaste turisttrafikken. Uttaksmengdene og trafikken som følgje av framhald av drifta, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Det er gode siktforhold ved inn og utkøyning til massetaket.

Det var i 1999 ei dødsulykke på Veodalsvegen knytt til sykkelvelt. Både på bakgrunn av omsynet til å unngå sykkelulykker, og for å ha eit dekke som står seg betre med omsyn til vedlikehald av vegen, har ein dei siste åra nytta knuste masser frå massetaket ved Kyrkjeflata ved Nåvårseter som toppdekke på vegen.

Forholda kring trafikktryggleik og fare for trafikkulykker, er nærare omtala i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Ein viser til det som står der. I ROS-analysen er konklusjonen at det er liten ulykkesfare.

11.9 Verknadar for forureining, energi og klima.

Slik masseuttaket ved Stallhytta er drive, skjer det ingen foredling av massane som blir teke ut, dvs. at det ikkje skjer verken maskinell knusing av masser eller sortering med maskinelle sikteverk. Det er heller ikkje ønskje frå drivar av utaket eller utsikter til at det skal skje slik verksemd i uttaket. Ein har derfor teke inn i reguleringsføresegnene at det ikkje skal drivast slik verksemd i uttaket som elles vil innebere større problematikk knytt til støy- og støvforureining.

Uttak av massar med gravemaskin, traktor eller annan anleggsmaskin, og utkøyning av massar frå uttaket, vil i mindre grad medføre støy og støvflukt. Med dei uttaksmengdene det her er snakk om, blir det ikkje å sjå på som noko stort problem. Berre Stallhytta ligg nær uttaksområdet, og denne er disponert av Glitterheim Turisthytte som også er sterkt involvert i vegdrifta og vedlikehaldsarbeidet på vegen. Stallhytta vert sporadisk leigd ut for overnatting, i hovudsak til jegerar om hausten.

Uttransport av massar og drift av anleggsmaskinar i uttaket vil medføre forbruk av energi. Uttaksmengdene og aktiviteten i uttaket som følgje av framhald av drifta i uttaket etter at reguleringsplanen er på plass, vil venteleg ikkje auke i forhold til i dag. Energiforbruket vil derfor venteleg ikkje auke i framtida. At uttaket ligg inntil vegenlegget der grusen skal nyttast,

er fordelaktig med omsyn til energiforbruket, da uttransporten blir forholdsvis kort. I dag er køyretøy og maskinar som nyttast i drifta av uttaket drive med fossilt drivstoff som også gjev klimautslepp. Korleis dette vil utvikle seg i framtida er usikkert, men det skjer stadig ei teknisk utvikling som mogeleggjer omlegging til elektrisk/batteri-drift av køyretøy og anleggsmaskinar, og sjølv maskinar som blir drive med fossilt drivstoff får betre utnyttingsgrad og mindre skadelege utslepp.

Når det gjeld vurderingar av verknadar for klima elles, er det teke utgangspunkt i at vidare drift av uttaket i samsvar med planforslaget vil medføre ei omdisponering av omtrent 3,8 dekar som ikkje tidlegare har vore avdekka eller nytta for grusuttak. Fjerning av jord- og humuslaget, vil medføre at det blir frigjort klimagassar. Tabellen under viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget.

Arealbonitet AR5	Areal i m2	Utslepps-koeffisientar (kg CO2/m2)		Utslepp (kg CO2)		
		Biomasse	Jord	Biomasse	Jord	Sum
Open fastmark – impediment	3785	20.3	48.0	76835	181680	258515

Tabellen viser berekna utslepp av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget (metode: SVV, Metode for berekning av CO2-utslipp knytt til arealbeslag ved vegbygging, 2015).

Summen av frigjering av klimagassar som følgje av at areal vil bli omdisponert ved realisering av planforslaget, vil medføre eit klimautslepp tilsvarande 258,5 tonn CO2. Det er ved denne utrekninga ikkje teke omsyn til at uttaksområda skal bli sete i stand etter at grusen er teke ut og bli attendeført til LNFR-formål. Reguleringsføresegnene føreset t.d. at ein skal ta vare på avdekkingsmassar og jord som skal nyttast for reetablering til LNFR-formål. Ein reknar med bakgrunn i dette at tiltaket over tid vil ha minimale negative klimaverknadar.

11.10 Verknadar for teknisk infrastruktur.

Det er ikkje etablert teknisk infrastruktur i eller nær uttaksområdet, og heller ikkje planar om dette.

11.11 Verknadar for samfunnstryggleik.

Plan- og bygningslova stiller krav om gjennomføring av analyser for risiko- og sårbarheit (ROS-analyser) ved all arealplanlegging, jf. § 4.3. Det er utarbeidd ROS-analyse som følger planforslaget. Analysen er utarbeida i samsvar med vegleiar frå Direktoratet for sikkerheit og beredskap (DSB).

Følgande farar/uønskete hendingar er vurderte som relevante for planområdet, og det er da gjort ei risikokartlegging vurdering av sårbarheit for desse i ROS-analysen i samsvar med DSB sin vegleiar:

1. Masseutgliding
2. Flaum i vassdrag/ekstremnedbør og overvatn
3. Støy og støv
4. Trafikk og fare for trafikkulykker

For det gjeld forholda som er nemnde over, er planområdet og arealbruken det planleggast for vurdert som moderat sårbart for masseutgliding som følgje av verksemda i uttaket, og det er gjennomført ei meir detaljert risikokartlegging for dette. For dei tre siste tema er planområdet og arealbruken det planleggast for er vurdert som lite sårbart. Ein viser til ROS-analysen for meir opplysningar.

Når det gjeld vurderinga av faren for masseutgliding, har det bakgrunn i at det i uttaksfasen vil det bli forholdsvis høge brotkantar. Med grunnlag at dei i anleggsfasen vil vere bratte, vil lausmassane langs kantane vere noko ustabile. Uttaksverksemda vil da kunne medføre ein viss fare for utglidingar/mindre ras av masse ned i uttaket. Dette kan potensielt medføre fare for mindre masseras som kan nå maskinar og folk som arbeidar i uttaket.

Folk og dyr som eventuelt kjem inn i område frå vestsida, vil også kunne utløyse utras av brotkanten slik at dei faller utfor, med moglegheit for å skada seg. Sjansane for at det skulle skje og at det skulle oppstå skadar, vurderast som svært liten. Det er oversiktleg på staden, og for folk og dyr som skal passere, er det ikkje naturleg å legge vegen over grusryggen og gjennom uttaket. Ein har med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort i ROS, ikkje funne det ikkje naudsynt å ta inn i planføresegnene at det skal bli sett opp gjerde på vestsida av uttaksområdet for å unngå at folk dyr kjem utafor brotkanten. Men planføresegnene har krav om utarbeiding av driftsplan. Dersom ein likevel vil finne det naudsynt med gjerde i heile eller delar av driftsfasen, kan ein gi nærare reglar om dette i driftsplanen.